



Det Kongelige Kunnskapsdepartement

Postboks 8119 Dep
0032 Oslo

Dykkar ref.	Vår ref.	Saksh. – tlf.	Dato
	2010/1056 - 13917/2010	Trond Birkelund - 55097239	06.07.2010

Høyringsuttale frå Fjell kommune - Nytt finansieringssystem for ikkje-kommunale barnehagar i ein rammefinansiert sektor

Vedtak i kommunestyret – 24-06-2010:

Kommunestyret godkjenner uttale i samband med høyring om nytt finansieringssystem for ikkje-kommunale barnehagar i ein rammefinansiert sektor slik den går fram av saka, med følgjande tillegg: Kommunestyret er usamd i Kunnskapsdepartementet sitt forslag til ny § 14 a, om attendebetaling ved opphøyr eller sal av barnehagar. Dette endrar rammevilkåra for dei private barnehagane, og burde vore kjent ved barnehageforliket.

Del 1 - samrøystes vedteke i kommunestyret

Fjell kommune stiller seg bak Stortinget sitt ønskje om eit enklare system for finansiering av ikkje-kommunale barnehagar. Ein ynskjer likevel å peike på nokre uheldige moment ei slik forenkling kan medføre. Når Kunnskapsdepartementet i sitt høyringsnotat nyttar omgrepet kostnadseffektiv er det lett å tolke dette slik at departementet meiner ein berre skal ha store barnehagar i kommunane. Fjell kommune har ein del mindre barnehagar i tråd med busetnaden i kommunen. Slike barnehagar er erfaringsmessig noko dyrare å drifte. Ny forskrift om lik behandling må gjere det mogleg å justere tilskotet til barna i små barnehagar når det er trong for det. Ein er ikkje tent med at foreldre mister valfridomen mellom små og store barnehagar av di små barnehagar forsvinn.

Kunnskapsdepartementet må klargjere betre kva som ligg i omgrepet basistilbod og ordinær drift. Det burde vere mogleg å nytte eit omgrep.

Fjell kommune ser positivt på at tilskotet til ikkje-kommunale barnehagar vert delt i eit driftstilskot og eit kapitaltilskot. Ved utrekning av kapitaltilskotet til ikkje-kommunale barnehagar må kommunane få valfridomen som ligg i modell to.

Av omsyn til årsbudsjetteringa der tilskot pr barn skal gå fram, ber Fjell kommune om at talletidspunktet for barnetalet i barnehagane per 15. desember vert flytta til 15. oktober kvart år.

Fjell kommune ønskjer ikkje bruk av nasjonale gjennomsnittssatsar slik det går fram av høyringsnotatet til departementet, korkje på drift eller kapital. Departementet bør i staden leggje opp til primært fylkesvise gjennomsnittssatsar eller sekundært, eigne gjennomsnittssatsar for landkommunane og eigne gjennomsnittssatsar for byane. Det vert vist til behovet for refusjonar mellom kommunane ved barn frå andre kommunar. Fylkesmennene bør få ansvar for at refusjonsordninga fungerer i kvart fylke. Dette vil enklast kunne gjerast ved å nytte fylkesvise gjennomsnittskostnadar slik ein gjer det på skulesektoren.

Når det gjeld kommunale barnehagar med særleg høge kostnadar må regelverket vere sær tydeleg på kva ein kan leggje til grunn for å gjere unntak frå hovudreglane. Døme på kommunale barnehagar som vert halde utanfor grunnlaget for likeverdig behandling kan vere:


- Barnehagar med sær mange minoritetspråklege barn
- Barnehagar med sær mange barn med trong for særskild oppfølging og høge tilretteleggingskostnadar utover normalt for ei barnehage
- Barnehagar i glissgrendte strok av kommunen der ein ikkje klarar å fylle opp plassane til ei kvar tid
- Barnehagar som deler av året har redusert barnetal, men full bemanning, til dømes for å kunne ta i mot innflyttarar eller barn som barnevernet treng plass for

Auka tilskot til ikkje-kommunale barnehagar grunna særleg høge kostnadar bør utvidast til og å gjelde drift. Slike ekstrakostnadar for kommunane må bli kompensert.

Del 2 – Vedteke i kommunestyret med 32 mot 11 røyster.(mindretal AP 9, SV 1 og SP 1)

Kommunestyret er usamd i Kunnskapsdepartementet sitt forslag til ny § 14 a, om attendebetaling ved opphøyr eller sal av barnehagar. Dette endrar rammevilkåra for dei private barnehagane, og burde vore kjent ved barnehageforliket.

Med helsing

for 
Steinar Nesse
rådmann


Trond Birkelund
spesialrådgjevar